

# Møteprotokoll

## KOMMUNESTYRET

**Møtedato:** 16.02.2010

**Møtetid:**

Kl. 15:00 –

**Møtestad:** KOMMUNESTYRESALEN

**Saknr.:**

001/10 - 022/10

<b>Følgjande medlemer møtte:</b>	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>	<b>Parti</b>
Helge Andre Njåstad	Frp	Oddvar Stangeland	H
Jostein Blånes	”	Øystein Rabben	”
Renate Møgster Klepshvik	”		
Helge Otterå	”		
Kjetil Østervold	”		
Olav Njåstad	”		
Narve Møgster	”		
Edvard Johannes Stangeland	Sp		
Ingrid Vågen Duesund	”		
Julie Solbakken	H		
Kurt Frank	”		
Jane K. Stangeland	Ap		
Ove Fagerbakke	”		
Andreas Risøy	”		
Christian Halstensen	Krf		
Torfinn Grav	”		

<b>Forfall meldt frå følgjande</b>	<b>Parti</b>	
Ronald Persen	Frp	
Øystein Østervold	”	
Ingunn Berge Vik	H	
Arne Kalve Klepshvik	”	
Olav O. Østervold	”	

<b>Møteleiar:</b>	Ordførar Helge Andre Njåstad
<b>Frå adm. møte:</b>	Rådmann Rolf Nøstdal, skulesjef Liv Margareth Østervold, konst. helse- og sosialsjef Jofrid Troland, økonomisjef Liv Bente Storebø og nestleiar Osk Astrid N. Fagerbakke
<b>Utlevert i møtet:</b>	Sak 122/2010, notat til kommunestyre: Notus – Web.modul, ny helse- og sosialsjef og molo for småbåtar på ferjeleie Hufthamar.
<b>Orientering:</b>	Kystverket orienterte om ny Lov om havner og farvann
<b>Merknader:</b>	Ingen
<b>Innkalling:</b>	Ingen merknader

Helge Andre Njåstad  
Ordførar

Helge Otterå

Ingrid Vågen Duesund

# Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
001/10	GODKJENNING AV MØTEBOK KOMMUNESTYRE 17.12.2009
002/10	UNDERSKRIVING AV MØTEBOKA
003/10	POLITISK KVARTER
004/10	REFERATSAKER
005/10	LÅNEOPPTAK INVESTERINGAR 2010 - OMDISPONERING AV FOND FOR NEDBETALING AV GJELD
006/10	STARTLÅN RENTEVIKÅR
007/10	SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN
008/10	STOREBØ SKULE - RAPPORT FRÅ HELSEVERNETATEN
009/10	ARBEID MED SFO ORDNING I AUSTEVOLL KOMMUNE FRÅ HAUSTEN 2010
010/10	NY AMBULANSESTASJON I AUSTEVOLL - AVTALER OM VEG OG TEKNISKE ANLEGG OG OPPARBEIDING AV VEG OG TEKNISKE ANLEGG
011/10	OPPFØLGING AV RAPPORT FRÅ HELSEVERNETATEN OG GODKJENNING AV BARNETAL I SMÅTUN BARNEHAGE
012/10	OPPTRAPPINGSPLANEN FOR PSYKISK HELSE 1999-2008. DISPONERING AV OVERFØRTE MIDLAR FRÅ 2008
013/10	SAL AV BUSTADTOMT TIL AUSTEVOLL KOMMUNE
014/10	PRIVATISERING AV KOMMUNALE VEGAR
015/10	SØKNAD OM MOTORCROSSBANE PÅ KOMMUNAL EIGEDOM
016/10	SØKNAD OM TOMT - BALLBINGE PÅ STOREKALSØY
017/10	FRÅVÆR AUSTEVOLL KOMMUNE
018/10	UTBYGGING OG REHABILITERING AV SELBJØRN SKULE
019/10	FORSLAG OM ENDRING I OMBYGGING STOREBØ PLEIE- OG OMSORGSENTER
020/10	SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN
021/10	DELEGASJON - NY HAVNE OG FARVANNSLOV
022/10	TILLEGGSLØYVING TIL LEGEVIKAR

## **001/10: GODKJENNING AV MØTEBOK KOMMUNESTYRE 17.12.2009**

### **Vedtak:**

Møteboka frå møte i kommunestyre 17. desember 2009 vert godkjent slik ho ligg føre.

## **002/10: UNDERSKRIVING AV MØTEBOKA**

### **Vedtak:**

Til å skriva under møteboka saman med ordførar vert valde:

Helge Otterå og Ingrid Vågen Duesund

## **003/10: POLITISK KVARTER**

Handsaming i møtet:

### Ordføraren orienterte om:

Gratulerte lokalavisa Marsteinen som 1 av 2 aviser i fylket med auka opplagstal.

Statistikk for bustadbygging m.m. frå 1990 – 2009, 42 nye hus i 2009.

Orienterte om at det skal vera møte med fylkesrådmannen om ferjesaka 17.02.10.

Det vart orientert om at Austevoll må vera budd på å bidra i eit spleiselag om me skal ha sjanse å få til noko betre ferjetilbod.

Prosjekt Bulyst – 35 mill. lyst ut, søknadsfrist 3. mai. Prosjekta Møkster Bu og Amfi Storebø (prosjekt kulturbygda Storebø) kan vera aktuell å søkja midlar til.

Musikkbinge på Storebø - søknadsfrist tilskot til prosjekt 15. mars. Ole Troland og Andrea Kolbeinsvik frå ungdomens kommunestyre orienterte saman med ordføraren i denne saka.

Storebø pleie- og omsorgsenter, plan for utbygginga – byggestart 01.06.2010, ca. 15 mnd. byggetid.

Selbjørn pleie- og omsorgsenter, møte m/Husbanken der ein fekk stadfesta at tilskot var nedskrive og dermed ingen tilbakebetaling av tilskot.

Folkehelse – det er søkt om midlar til forskjellige prosjekt i kommunen.

Budsjett 2010 – førebels godkjenning frå Fylkesmannen, atterhald om dep. godkjenning av nedbetalingsplan for oppsamla underskot.

### Spørsmål frå Øystein Rabben:

Stoda for Mjåsund bru, Torangsvåg.

Austevoll fiskeindustri - eksportverdi i forhold til ferjesaka.

Ber kommunen sjekka om det er heftelser i skøyte på Selbjørn pleie- og omsorgsenter.

### Svar frå ordføraren:

Mjåsund bru – begrensa mogelegheter til å få midlar før 2014 til planane til kommunen om ny bru. Vonaleg vert eksisterande bru sikra i 2010.

Eksportverdi Austevoll fiskeindustri - ordføraren vil ta det med som argument til møte om ferjesaka med fylkeskommunen 17.02.10.

Rådmannen vil sjekke skøyte og melda attende til kommunestyret.

### Spørsmål frå Julie Solbakken:

Gav uttrykk for synspunkt om samlokalisering av legetenesta, men stilte ingen spørsmål.

Kva skal kommunen bruka Selbjørn po-senter til. Er det planer for bygget.

### Svar frå ordføraren:

Samlokalisering av legetenesta vil bli lagt fram som sak til kommunestyret etter at dei faglege vurderingane er på plass.

Bruk av Selbjørn po-senter er det ikkje teke stode til.

Spørsmål frå Ove Fagerbakke:

Kva gjer rådmannen for å sikra at flyttinga og flytteprosessen i samband med nedlegginga av Selbjørn sjukeheim, går for seg på ein etisk forsvarleg måte.

Svar frå rådmannen:

Kommunen prøver å legge vekt på at denne prosessen skal føregå på ein etisk forsvarleg måte. Det er sendt ut informasjon til pårørande, det har vore informasjonsmøte med pårørande der både administrasjon og politikare møtte. Pårørande skal vera med på synfaring på Storebø po-senter for å syne kor dei som må flytte skal bu. Rådmannen ønskjer å få direkte tilbakemelding frå pårørande dersom dei er usikker på flytteprosessen.

Spørsmål frå Edvard Johannes Stangeland:

Veg til Hufthamar – kor brei vil vegen bli, vil den bli brei nok til gul stripe i midten.

Svar frå ordføraren:

Ifølgje Statens vegvesen vil breidda på vegen bli same standard som den nye bruvegen til Hundvåkøy.

Spørsmål frå Renate Møgster Klepsvik:

Samanslåing av po-sentrene, bemanningsplan. Orientering til dei tilsette – kva blir gjort. Oppmoding om at fastsett møteplan for tenesteutvalet vert halde og at møtene vert halde på dei forskjellige institusjoner, avd. og skular. Valg i 2011 – for å rekruttera småbarnsforeldre må det leggjast til rette for dette. Tidspunkt for møte, godtgjersle/tapt arbeidsforteneste m.m. er ting som bør drøftast.

Svar frå rådmannen:

Det vert arbeidd med ny bemanningsplan – til tider vert det drive rovdrift på enkelte tilsette. Ved flytting skal bebuare og pårørande følgjast opp, det skal lagast ny turnusplan for dei tilsette, nattevaktane skal reduserast m.m. Det er sett ned fleire arbeidsgrupper for å arbeide med dette. Kommunen har fått nytt turnus-program som er eit godt verktøy for å lette arbeidet.

Svar frå ordføraren:

Administrasjonen må prioritere å få saker til politisk behandling tidlegare ferdig, så det blir tid til å ta desse opp bl.a. i tenesteutvalet. Dette må bli betre i 2010. Når det gjeld arbeid med rekruttering av småbarnsforeldre til politisk arbeid, så vil ordføraren ta dette opp som sak til drøfting i neste gruppeleiar møte.

Spørsmål frå Helge Otterå:

Kommunestyret har ved fleire anledninger sagt at mobbing er ei viktig sak å bekjempe på alle nivå som kommunen har ansvar for. Skulebruksplanen som er vedteken understreker også dette.

Gjennom media og på annan måte får me kjennskap til at problemet i høgste grad eksisterer, og eg lurar då på kva rådmannen gjer i forhold til oppfølging av den politiske forventninga om å bekjempe mobbing.

Eg vil anbefale rådmannen å sjå på MOT sine idear, bl.a. Os, der elevane er aktivt med på jobben mot mobbing.

Svar frå rådmannen:

Skulane i Austevoll har stort fokus på mobbing. Det er utarbeidd brosjyrer, det er teke med i vekeplaner. Det er nulltoleranse for mobbing. Det er og kjent at det føregår mobbing via sms, på Facebook m.m. Til tross for planer og tiltak føregår det mobbing. Mobbing i skulen var tema på siste etatsjefsmøte. Rådmannen skal opprette ei tverretatleg gruppe som skal arbeide med dette for å bli betre og for å motverka mobbing i skulen.

Ordføraren tok opp sak om Musikkbinge, som var handsama i ungdommens kommunestyre, det vart samrøystes vedteke å realitetsbehandla denne.

Framlegg frå ordføraren:  
Musikkbinge

Austevoll kommunestyre set ned fylgjande arbeidsgruppe som får i mandat å arbeide med å få ein musikkbinge til Austevoll herunder forsøke å få ekstern finansiering i tillegg til kommunale / livoglyst midlar til tiltaket.

Framlegg til medlemar:

- UKST: Ole Andre Austevoll, Ole Troland og Andrea Kolbeinsvik (utpeika av ukst)
- Austevoll kommune: Bjørn Wefring, Audun Alvsåker og Helge Andre Njåstad

Framlegget vert samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Vert lagt ved møteboka med følgjande tillegg:

Musikkbinge

Austevoll kommunestyre set ned fylgjande arbeidsgruppe som får i mandat å arbeide med å få ein musikkbinge til Austevoll herunder forsøke å få ekstern finansiering i tillegg til kommunale / livoglyst midlar til tiltaket.

Medlemar:

- UKST: Ole Andre Austevoll, Ole Troland og Andrea Kolbeinsvik (utpeika av ungdommens kommunestyre)
- Austevoll kommune: Bjørn Wefring, Audun Alvsåker og Helge Andre Njåstad

#### **004/10: REFERATSAKER**

**Vedtak:**

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

#### **005/10: LÅNEOPPTAK INVESTERINGAR 2010 - OMDISPONERING AV FOND FOR NEDBETALING AV GJELD**

Handsaming i møtet:

Kjetil Østervold fekk permisjon.

Framlegg frå Helge Andre Njåstad:

1. Som rådmannen sitt
2. Som rådmannen sitt

3. Austevoll kommunestyre vedtek investeringsplanen slik den vart vedteke i budsjett 2010 saka med rådmannen sitt framlegg til type finansiering på dei ulike tiltaka i 2010 med slik endring:
  - a. Gravplass Vinnes vert flytta til 2011 jmf brev frå fylkesmannen om budsjett.
  - b. Investering til Møkster BU vert ført opp også i investeringsbudsjettet (låneopptak med atterhald om godkjenning frå fylkesmannen)
  - c. Investering til motorcrossbane og ballbinge Storekalsøy vert ført opp i investeringsbudsjettet då kommunen skal stå som byggherre. Dette sikrar og at prosjekta er fullfinansiert overfor fylkeskommunen. Sum tilskott frå private vert tilsvarende auka i investeringsbudsjettet.
  - d. Molo på Hufthamar vert ført opp jmf vedtak i formannskapet.
  - e. Egenandel til musikkbinge med utstyr vert ført opp i investeringsbudsjettet finansiert gjennom bruk av investeringsfond.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegg frå ordføraren.  
Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Austevoll kommunestyre omgjer fond til ekstraordinær nedbetaling av lånegjeld på kr 7,3 mill til investeringsfond.
2. Rådmannen får delegert mynde til å bruke inntil 1 mill. kroner av fondet til å tilretteleggje for flytting av bebuarar frå Selbjørn til Storebø.
3. Austevoll kommunestyre vedtek investeringsplanen slik den vart vedteke i budsjett 2010 saka med rådmannen sitt framlegg til type finansiering på dei ulike tiltaka i 2010 med slik endring:
  - a. Gravplass Vinnes vert flytta til 2011 jmf brev frå fylkesmannen om budsjett.
  - b. Investering til Møkster BU vert ført opp også i investeringsbudsjettet (låneopptak med atterhald om godkjenning frå fylkesmannen)
  - c. Investering til motorcrossbane og ballbinge Storekalsøy vert ført opp i investeringsbudsjettet då kommunen skal stå som byggherre. Dette sikrar og at prosjekta er fullfinansiert overfor fylkeskommunen. Sum tilskott frå private vert tilsvarende auka i investeringsbudsjettet.
  - d. Molo på Hufthamar vert ført opp jmf vedtak i formannskapet.
  - e. Egenandel til musikkbinge med utstyr vert ført opp i investeringsbudsjettet finansiert gjennom bruk av investeringsfond.

#### **006/10: STARTLÅN RENTEVIKÅR**

##### **Vedtak:**

Det blir lagt til 0,25 prosentpoeng på husbankrenta for å dekke inn administrative kostnader.

#### **007/10: SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN**

Handsaming i møtet:

Christian Halstensen var ugild under handsaminga.

Framlegg frå Frp v/Jostein Blænes:

Ordet "simpel kausjon" vert endra til "sjølvskuldnar kausjon"

Nedbetalingstida vert endra likt tilråding på Hundvåkøy sin søknad.

Grunngjeving for framlegget:

Dette vil gje ytterlegare rentereduksjon og risikoen er etter kommunestyret sitt syn nærmast ingen då spelemidlane vert betalt til kommunen frå fylkeskommunen.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegg frå Jostein Blænes. Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

1. Austevoll kommunestyre vedtek at Austevoll kommune gjev sjølvskuldnar kausjon for eit lån på kr. 3.500.000,- som Selbjørn idrettslag har teke opp i Sparebanken Vest.
2. Austevoll kommunestyre vedtek av garantien fell vekk når tippemidlane er utbetalt.
3. Austevoll kommunestyre set som føresetnad at tippemidlar til Selbjørn idrettslag skal overførast Sparebanken Vest til nedbetaling av lånet.
4. Austevoll kommunestyre tek atterhald om fylkesmannen si godkjenning av garantivedtaket.

**008/10: STOREBØ SKULE - RAPPORT FRÅ HELSEVERNETATEN**

**Vedtak:**

Rådmannen får i fyrste omgang disponere 1 million av dei 10 millionane som er sett av på budsjett 2010 til investering. Midlane skal gå til naudsynte utbetringar av fuktskadar på Storebø skule og kartlegging og eventuell utbetring av luktproblem på Nordstandsbygget. Rådmannen vil gje fortløpande løypemeldingar til Austevoll formannskap.

**009/10: ARBEID MED SFO ORDNING I AUSTEVOLL KOMMUNE FRÅ HAUSTEN 2010**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå AP v/Jane Stangeland: Andreas Risøy

Framlegg frå H v/Julie Solbakken: Kurt Frank

Framlegg frå Frp v/Jostein Blænes: Renate Møgster Klepsvik

Ved røysting vart framlegga samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyret vel følgjande 3 politikarar i arbeidsgruppa for arbeid med SFO-ordning i Austevoll kommune frå hausten 2010:

Andreas Risøy

Kurt Frank

Renate Møgster Klepsvik

**010/10: NY AMBULANSESTASJON I AUSTEVOLL - AVTALER OM VEG OG TEKNISKE ANLEGG OG OPPARBEIDING AV VEG OG TEKNISKE ANLEGG**

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyret godkjenner i samband med bygging av ny ambulansestasjon på Storholmen følgjande avtaler:

1. Avtale med grunneigarane på gnr. 40 bnr. 3 i Austevoll om rett til å leggja veg og tekniske anlegg over gnr. 40 bnr. 3 og fram til ambulansestasjonen gnr. 40 bnr 127.
2. Avtale med Tone.Bu AS om opparbeiding av tekniske anlegg over gnr. 40 bnr. 3 i Austevoll og fram til ambulansestasjonen gnr. 40 bnr. 127.
3. Kostnaden med frådelling av tomt nr. 1 og 3 vert dekkja ved bruk av Kapitalfond.

### **011/10: OPPFØLGING AV RAPPORT FRÅ HELSEVERNSTATEN OG GODKJENNING AV BARNETAL I SMÅTUN BARNEHAGE**

#### **Vedtak:**

1. Uteståande forhold som synt i Helsevernrapporten blir utbetra innan 01.08.2010. Ein plan for uteståande arbeid og kostnader relatert til dette vil bli lagt fram til politisk handsaming.
2. Småtun barnehage blir godkjent for 30 plassar i det året barnet fyller 3 år.

### **012/10: OPPTRAPPINGSPLANEN FOR PSYKISK HELSE 1999-2008. DISPONERING AV OVERFØRTE MIDLAR FRÅ 2008**

#### **Vedtak:**

Dei overførte midlane frå øyremarka tilskot, psykisk helse 2008, kr 206.000, vert nytta slik:

- Kr 106.000 til å styrka legetilbodet til pasientar med psykisk sjukdom .
- Kr 100.000 vert nytta til førebyggjande tiltak i einskild saker innan psykisk helse for born/unge/vaksne.

### **013/10: SAL AV BUSTADTOMT TIL AUSTEVOLL KOMMUNE**

#### **Vedtak:**

Austevoll kommunestyre vedtek at austevoll kommune kjøper attende gnr. 37 bnr. 92 på Austevollshella for kr. 60.000,-, under den føresetnad at seljar betaler kostnaden med attendeskøyting.

Kjøpesummen vert finansiert ved bruk av fondsmidler mot tilbakebetaling når tomten vert seld.

Rådmannen får fullmakt til å lysa tomten ut for sal til høgstbydande.

### **014/10: PRIVATISERING AV KOMMUNALE VEGAR**

#### **Vedtak:**

Kommunestyret vedtek å overføra ein del kommunale vegar – til private, (jfr. sak.nr.0126/08 - i planutvalget).

- Veg til gamle lærarbustaden på Hille,Storekalsøy – 1 hus ca.80m.veg.
- Vegarm til gamle dalaveg over myr, Hundvåkøy – 2 fritidsbustader ca.100 m.
- Veg til Slorkjen – 567m. ingen fastbuande
- Veg til Melingsvåg – ca.260m. frå ferist og ned
- Veg til Grasdalsjøen – ca.300m.etter Arne S.Sæthre
- Veg til Kalvenes kai – ca.150m.

- Veg ti Vikevågen – ca.400m. 1 bustad.
- Veg til gamle doktorbustad på Storebø – ca.100m. 2 hus.

Det vert og vedteke at vegane på Sandtorv, Hevrøy og Lunnøy vert privatisert.

### **015/10: SØKNAD OM MOTORCROSSBANE PÅ KOMMUNAL EIGEDOM**

Handsaming i møtet:

Orientering frå ordføraren om at Austevoll Aktiv har merknader til planlagt veg fram til motorcrossbanen, jfr. byggesaken.

Framlegg frå Frp v/Renate Møgster Klepsvik:

Endring:

1. Austevoll kommunestyre vedtek å stå som byggherre av motorcrossbane på kommunal eigedom ved Austevoll idrettsanlegg på Eidsbøen i samarbeid med Austevoll motorcrossklubb etter modell frå andre idrettsutbyggingar i kommunen. Med det kan stadfestast at området er sikra til formålet etter utbygging i minst 40 år.

2. Som rådmannen.

3. Som rådmannen med tillegg i tillegg til avsette midlar i investeringsbudsjettet som sikrar prosjektet fullfinansiert.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegg frå Renate Møgster Klepsvik. Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Austevoll kommunestyre vedtek å stå som byggherre av motorcrossbane på kommunal eigedom ved Austevoll idrettsanlegg på Eidsbøen i samarbeid med Austevoll motorcrossklubb etter modell frå andre idrettsutbyggingar i kommunen. Med det kan stadfestast at området er sikra til formålet etter utbygging i minst 40 år.

2. Arbeidet med anlegget må ikkje startast før det også er gjeve løyve etter Plan- og bygningslova.

3. Austevoll kommunestyre vedtek av momskompensasjon som tilkjem motorcrossbanen vert nytta som kommunen sin del av finansieringa i tillegg til avsette midlar i investeringsbudsjettet som sikrar prosjektet fullfinansiert.

### **016/10: SØKNAD OM TOMT - BALLBINGE PÅ STOREKALSØY**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Renate Møgster Klepsvik:

Endring:

Pkt 1 – som rådmannen

2. Austevoll kommunestyre vedtek å stå som byggherre av ballbinge på Storekalsøy på kommunal eigedom i samarbeid med Haugevikneset ballbinge etter modell frå andre

tilsvarende utbyggingar i kommunen. Med det kan det stadfestast at området er sikra til formålet etter utbygging i minst 20 år.

3. Som rådmannen med tillegg: i tillegg til avsette midlar i investeringsbudsjettet som sikrar prosjektet fullfinansiert.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegget frå Renate Møgster Klepsvik. Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Austevoll kommunestyre vedtek at Haugevikneset ballbinge får byte tomt gnr. 28 bnr.68, med tomt gnr. 28 bnr. 66 i Haugevikneset bustadfelt.
2. Austevoll kommunestyre vedtek å stå som byggherre av ballbinge på Storekalsøy på kommunal eigedom i samarbeid med Haugevikneset ballbinge etter modell frå andre tilsvarende utbyggingar i kommunen. Med det kan det stadfestast at området er sikra til formålet etter utbygging i minst 20 år.
3. Austevoll kommunestyre vedtek at momskompensasjon som tilkjem ballbingen vert nytta som kommunen sin del av finansieringa i tillegg til avsette midlar i investeringsbudsjettet som sikrar prosjektet fullfinansiert.
4. Arbeidet med anlegget kan ikkje setjast i gang før det også er gitt løyve etter Plan og bygningslova.

#### **017/10: FRÅVÆR AUSTEVOLL KOMMUNE**

##### **Vedtak:**

Kommunestyret tek statistikk om sjukefråvær til orientering.

#### **018/10: UTBYGGING OG REHABILITERING AV SELBJØRN SKULE**

Handsaming i møtet:

Utsettelsesframlegg frå Frp v/Narve Møgster:

Austevoll kommunestyre utset saka og send den til handsaming via tenesteutvalet.

Kommunestyret oppmodar tenesteutvalet å leggja møtet på Selbjørn skule kombinert med synfaring av skulen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **KST-018/10 Vedtak**

Austevoll kommunestyre utset saka og send den til handsaming via tenesteutvalet.

Kommunestyret oppmodar tenesteutvalet å leggja møtet på Selbjørn skule kombinert med synfaring av skulen.

#### **019/10: FORSLAG OM ENDRING I OMBYGGING STOREBØ PLEIE- OG OMSORGSENTER**

##### **Vedtak:**

Austevoll kommunestyret vedtek at rådmannen får byggje ut Storebø pleie- og omsorgssenter i samsvar med tilråding frå leiar av senteret.

## **020/10: SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN**

Handsaming i møtet:

Renate Møgster Klepsvik var ugild under handsaminga.

Framlegg frå Frp v/Jostein Blænes:

Endringsframlegg:

Ordet ”simpler kausjon” vert endra til ”sjølvskuldnar kausjon”

Grunngjeving for framlegget:

Dette vil gje ytterlegare rentereduksjon og risikoen er etter kommunestyret sitt syn nærmast ingen då spelemidlane vert betalt til kommunen frå fylkeskommunen.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegget frå Jostein Blænes.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

1. Austevoll kommunestyre vedtek at Austevoll kommune gjev sjølvskuldnar kausjon for eit lån på kr. 2.500.000,-, som Hundvåkøy idrettslag har teke i Sparebanken Vest.
2. Austevoll kommunestyre vedtek at garantien fell vekk når tippemidlane er utbetalt.
3. Austevoll kommunestyre set som føresetnad at tippemidlar til Hundvåkøy idrettslag skal overførast Sparebanken Vest til nedbetaling av lånet.
4. Austevoll kommunestyre tek atterhald om fylkesmannen si godkjenning av garantivedtaket.

## **021/10: DELEGASJON - NY HAVNE OG FARVANNSLOV**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Høgre v/Oddvar Stangeland:

Austevoll kommunestyre set ned ei referansegruppe som skal vurdere alle sider med den nye lova og leggje fram forslag til organisering.

Ordføraren kom med slikt tilleggsframlegg:

Formannskapet får fullmakt til å peika ut representanter til gruppa.

Tilrådinga og framlegg frå Oddvar Stangeland og ordføraren vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

1. Austevoll kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å ta avgjerd i einskildsaker der Lov om havner og farvann kjem til anvending og til å gje uttale på kommunens vegne overfor andre myndigheter. Jfr. § 10 i lov om havner og farvann.  
Saker av prinsipiell betydning skal leggjast fram for kommunestyret/planutvalet. Alle administrative vedtak skal refererast til planutvalet.
2. Austevoll kommunestyre set ned ei referansegruppe som skal vurdere alle sider med den nye lova og leggje fram forslag til organisering.  
Formannskapet får fullmakt til å peika ut representanter til gruppa.

## **022/10: TILLEGGSLØYVING TIL LEGEVIKAR**

### **Vedtak:**

Austevoll kommunestyre vedtek at det vert gjeve tilleggsløyvingar til legevikiariat på kr 500 000,-, finansiert ved overføring frå "avsatte uforutsette utgifter". Dette for å sikre ei forsvarleg legeteneste.